



Arrangøren stillar sterkt også i år. Dette er eitt av fjorårslaga

Det plar gjerne regna under dette arrangementet, men Yr har ei stor sol i dag og den satsar vi på!

Det sa leiar for fotballgruppa i UIL og Spar Cup Odd Steinar Arnesen i ettermiddag.

Han sto i litt småsurt ver og slo fast at førebuingane

var gjort til det som er årets klare og tradisjonelle høydepunkt for idrettslaget.



Odd Steinar Arnesen: Sponsoren steller godt med oss!

Det stiller i år 49 lag (48 ifjor) med rundt rekna 300 spelarar mellom 6 og 11 år frå heile Kvinnherad. Arrangørane stillar med ein stab på 40 for å avvikla cupen. Rundt 20 stilte til innsats under førebuingane i dag.

Cupen heiter så fordi butikken vår er einesponsar og leiaren kan ikkje sterkt nok berømma denne for stor velvilje. Det er rundt rekna 5 år sidan avtalen vart underteikna. Men kor lenge Heio Cup eksisterte før Spar Cup har ikkje Odd Steinar peiling på.

Han er ikkje det minste redd for at det skal verta gjørmebad dette året. Eitt år måtte arrangementet flyttast ned til grusbana. Men no er banetilhøva nemlig glimrande slik dei har vore sidan Steinar Haugland tok over ansvaret.

Laget kan også frista med rikholdig servering under tak.

Avspark skjer klokka 10 sundag føremiddag og cupen er god underhaldning! Men tenk på trafikken - køyr oppover på Døsslandsido og nedover på Kjerlandsido.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



[Odd Steinar Arnesen slår graset på Heio](#)